

Sjernarøy herad.

Nord-Hidle, gards nr. 12.

Sendar: Johannes Hidle.

## Emne nr. 11.

## Ymse attåt-for.

- I. Röter ikkje brukt som for det eg kjenner til ~~her~~. Det einaste eg har höyrt gjete er at tröska kunde verta nytta, men eg har aldri set det.
1. Dei sanka ikkje röter til krötermat, ikkje det eg har set eller ~~hört~~ her.
  3. Eg har höyrt um at sume skal ha nytta tröska, ~~trauska~~, til dyrismen ikkje veit eg meir um det.

B. Bregner heller ikkje nytta til for det eg veit um.

## II. Tang og tare

Taren kunde sauene eta på, serleg lika dei marlauken, dette lange smale sjögraset som veks sume stader og driv i land vinters tid. Sauene gjekk sjölv i strandi og fann det og annan tare og åt, dei lika det. So var ~~ikke~~ det visst skikk at grisene fekk tare, eg har ikkje set det brukti mi tid, frå 1885-åri. I mi barndomstid skar dei tare, helst til hevd, med ein ljå med langt skaft på, det var um våren. Elles samla dei tare i vikane etter storm, dei köyrde den heim og hadde under sauene og öykjen i stallen.

1. Ikkjetare til for her no.

## III. Andre planter til for.

At dei nyttar etreris er vanleg, men det er lite av det her. Anna kjenner eg ikkje til brukta.

## IV. Hestemök til for heiltukjent her.

## V. Sörkpefor.

I eldre tid mykje brukta verma vatn til kyrne, og då var det vanleg til mjölkekyrne å leggja uppi vatnet anten litt jordeplekål eller hå. Likeso kunde dei slå varmt vatn på agner, eller seinare hakka ~~hām~~, og so attpå noko mjöл på, både til kyr og öykjer. Hadde dei ikkje noko å laga log av, kunde dei ha litt mjöл på drikka, helst av havre, seinare også klid eller anna kraftfor. Etter kui hadde kalva fekk ho gjerne litt varmt drikka med mjöл på. No helst kaldt vatn, og dei lagar til hakk eller anna som dei bøyter i vassrenna åt kyrne. *di*

1. Ikkje koka vatn eller sørpa lenger. För, dei brukta det, hadde dei det i ei trebytta, vatnet vermt i ei stor bryta.
2. No nytta blöyta foret, men i renna framfyre kyrne, både hakk og agner og anna, med litt mjöл på, anten havremjöл eller ymse kraftfor.
3. Varmt berre i visse höve, etter k kalving t.d. Og i sjukdom.
4. Raunebær lite og inkjehytta, det måtte vera til höns, um det var.
- 5 og 6. Drank og mālk ukjent her avdi ein ikkje bryggjar.
7. Dei nyttar höyfræ og för jordeplelauv, no det siste slutt, medan dei enno nytta höyfræ og agner og anna.

VI. Fiskeavfall ikkje brukta her til for anna enn dei kan kjøpa sildeavfall til sauene og brukta litt salt sild til kyrne, serleg når dei er ute. Dei tar da ei sild kvar.